

Vurderingsrettleiing

2012

NOR1049 Norsk som andrespråk for språklege minoritetar
Overgangsordning Vg3 og påbygging til generell studiekompetanse
Elevar og privatistar

Norsk som andrespråk for språklege minoritetar - NOR1049

Vg3 studieførebuande utdanningsprogram og påbygging til generell studiekompetanse

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis den skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Informasjon om overgangsordninga NOR1049

Ordninga med ein eigen skriftleg eksamen i norsk som andrespråk er forlenga inntil vidare, til det er etablert ei permanent ordning for denne elevgruppa.

Overgangsordninga er ei hjelp for elevar og privatistar med kort butid i Noreg som ikkje har tileigna seg tilstrekkeleg språk- og kulturkompetanse i norsk til å gå opp til skriftleg eksamen etter den ordinære læreplanen i norsk. Den er ei dispensasjonsordning som berre gjeld skriftleg eksamen. Elevane skal ha standpunktarakterar og eventuelt munnleg eksamen etter den ordinære læreplanen i norsk.

Eksamen består av ein førebuingsdag og ein fem timars eksamen.

Informasjon om førebuingsdagen

Førebuingsdagen er obligatorisk skuledag for elevar. Dei skal arbeide med eit ressurshefte som blir delt ut om morgonen. Ressursheftet inneheld tekstar og illustrasjonar, og viser kva tema oppgåvene på eksamensdagen vil vere knytt til. Tekstane kan vere på både bokmål og nynorsk, men har alltid moderne språkform.

Ressursheftet skal takast med på eksamensdagen.

På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Elevane kan samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Privatistar får ressursheftet ved å vende seg til skulen, privatistkontoret eller eksamenskontoret.

Informasjon om eksamensdagen

Eksamensoppgåva har kortsvar og langsvart. Kortsvardelen er tett knytt til ressursheftet. Oppgåvene krev at eleven viser kunnskapar innanfor ulike område av faget, og at han/ho kan bruke desse kunnskapane. I kortsvardelen skal eleven svare på to oppgåver.

Oppgåvene i langsvardelen inviterer til både å bruke ressursheftet og til å dra nytte av eigen kunnskap og erfaring. Her får eleven høve til å vise kva evne han/ho har til å skrive

ein lengre tekst med god struktur og samanheng. I langsvardelen skal eleven svare på éi av oppgåvene.

Hjelpemiddel til eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne på eksamen, med unnatak av Internett og andre verkty som kan brukast til kommunikasjon. Det er heller ikkje tillate å bruke omsetjingsprogram.

Gjennom opplæringa i faget skal elevane ha blitt rettleidde i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver.

Tilknytning til læreplanen i norsk

Eksamen i overgangsordninga byggjer i stor grad på dei same teksttypane og temaa som eksamen i norsk. Eit utval av kompetansemåla i norskplanen, inkludert nokre kompetansemål frå 10. årstrinn, er relevante for overgangseksamenen. Sjå oversikta på side 8-9. Elevane vil ikkje bli bedne om å skrive retoriske analysar eller essay, og alle tekstane dei skal lese, har ei moderne språkform.

Mange av elevane som går opp etter overgangsordninga, har mindre enn seks års opplæring i norsk. For å førebu dei best mogeleg til eksamen er det viktig å hugse på at somme vil trenge ei anna tilnærming til fagstoffet enn det som ligg implisitt i norskplanen. Den ordinære norskplanen føreset nærleik og kjennskap til europeisk og særleg norsk kultur, og det vil ikkje alle elevane ha. Derfor er det viktig å lese og arbeide med både språkleg og innhaldsmessig eigna tekstar for at elevane skal oppnå den tekst- og kulturkompetansen som eksamen krev.

Det er også viktig å ha eit språklæringsperspektiv i undervisninga. Dei som skal ta eksamen etter overgangsordninga, vil vere i ein mellomspråksfase. Sensuren tek omsyn til dette, og det er ikkje same krav til korrekt skriftleg språk for å oppnå god karakter som det er til ordinær eksamen.

Fleire kompetansemål i norskplanen har eit komparativt perspektiv på språk og tekst. Mange av elevane kan ha gode kunnskapar om både morsmålet og litteraturen på morsmålet, og desse kunnskapane kan aktiviserast og verke støttande i norskundervisninga. For eksempel kan elevane identifisere likskapar og forskjellar mellom norsk og eige morsmål i arbeidet med grammatiske særtrekk ved norsk språk, og dei kan arbeide med å sjå ulike tekstar i lys av dei kulturelle referanserammene tekstane er produsert i. Nokre av eksamensoppgåvene i overgangsordninga kan opne for at eleven kan trekkje inn slik kompetanse.

Bruk av kjelder til eksamen i norsk

Arbeid med kjelder er viktig for elevar som skal opp etter overgangsordninga for skriftleg eksamen i norsk. Ei sentral norm for fagskriving er å vere ærleg og påliteleg ved all bruk av tekstar andre har skrive.

Til skriftleg eksamen kan eleven velje mellom ulike oppgåver. Ingen av eksamensoppgåvene krev at eleven skal bruke kjelder, og ein kan vise svært god kompetanse til eksamen utan å bruke kjelder i eigen tekst. Men når elevane skriv fagtekstar som utgreingar og argumenterande, resonnerande eller drøftande tekstar, kan det vere relevant å vise til kva andre har skrive og bruke det i sin eigen tekst.

Hovudregelen er at ein skal vise til kjeldene når ein hentar informasjon direkte frå noko andre har skrive, og når ein refererer til saker det kan vere ulike oppfatningar om. Opplysningar som er allment kjende, treng ein ikkje å dokumentere.

Kjeldebruken skal vere ryddig og påliteleg. Eleven skal kunne vise til kjelda, anten som referanse i løpande tekst eller som fotnotar. Eleven skal òg kunne lage ei litteraturliste med oversikt over dei kjeldene som er brukt i teksten. Til eksamen i vidaregåande skule er det viktigare for vurderinga at kjeldebruken er ryddig og oversiktleg, enn at dei formelle krava blir følgde nøyaktig.

Eleven skal vise til forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldereferanse, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Ei kjelde er i denne samanhengen ein tekst som lesaren kan finne fram til. Bruker eleven sine egne notat som stønad for eksamenssvaret, blir ikkje det rekna som ei kjelde. Tekstar som eleven har fått på skulen, for eksempel samandrag av forelesningane eller oversiktene til læraren knytt til ulike tema, er vanlegvis ikkje publiserte tekstar. Men dei kan vere bygde på ulike kjelder, og dei kan føre til at delar av elevsvar frå same skule blir veldig like. Elevane må vere merksame på det og føre opp slikt materiell som kjelder. Dei bør alltid føre opp kjelda dersom dei er i tvil.

Vurdering

Det er den samla kompetansen eleven viser som ligg til grunn for vurderinga. Det blir gitt éin karakter, sjølv om svaret består av to korte tekstar og ein lang tekst.

Dersom det ved sensuren blir påvist at delar av eller heile svaret berre er kopi av tekst som andre har produsert, vil den delen av svaret bli vurdert til lågaste karakter.

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakteromtalar for grunnopplæringa:

- a) *Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.*

- b) *Karakteren 5 uttrykker at eleven har mykje god kompetanse i faget.*
- c) *Karakteren 4 uttrykker at eleven har god kompetanse i faget.*
- d) *Karakteren 3 uttrykker at eleven har nokså god kompetanse i faget.*
- e) *Karakteren 2 uttrykker at eleven har låg kompetanse i faget.*
- f) *Karakteren 1 uttrykker at eleven har svært låg kompetanse i faget.*

Kjenneteikna på måloppnåing i denne vurderingsrettleiinga forklarer nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie på dette nivået.

Kompetansemål som ligg til grunn for skriftleg eksamen i norsk for elevar med kort butid i Noreg (overgangsordninga)

Elevane kan bli prøvde til skriftleg eksamen i mål frå hovudområda *Skriftlige tekster*, *Sammensatte tekster* og *Språk og kultur*. Dei konkrete eksamensoppgåvene prøver eit mindre utval av kompetansemåla. Eit konkret svar kan likevel vise brei kompetanse i faget. Sensor skal alltid vurdere heilskapen i oppgåvesvaret.

Oversikta under viser kva kompetansemål som er aktuelle for skriftleg eksamen i overgangsordninga NOR1049. Justeringane som er markert med utheva skrift, viser korleis ein kan arbeide med kompetansemåla i skriveopplæringa for elevar med kort butid. Elevane skal lese enkle tekstar på sidemålet sitt, men skrive berre på hovudmålet.

<p>Skrivekompetanse:</p> <p>Oppbygging (fra hovedområdet <i>Skriftlige tekster</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, søknad og kåseri (10. årstrinn) • gjenkjenne de språklige virkemidlene humor, ironi, kontraster og sammenligninger, symboler og språklige bilder, og bruke dem i egne tekster (10. årstrinn) • skrive enkle litterære tolkninger og andre resonnerende tekster, med utgangspunkt i litterære tekster og norsk tekst- og språkhistorie (Vg2) • skrive klart disponerte tekster med tydelig fokus og saklig argumentasjon (Vg3) • vurdere argumentasjon i egnede tekster og underbygge egne påstander ved saklig argumentasjon (Vg3) • bruke kunnskap om tekst, sjanger og litterære virkemidler i egen skjønnlitterær skriving (Vg3)
<p>Skrivekompetanse: Språk, formelle ferdigheter (fra hovedområdet <i>Skriftlige tekster</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • skrive norsk med stor grad av korrekthet, og kunne avpasse språket etter sjanger, emne, formål og mottaker • bruke tekster hentet fra bibliotek, Internett og massemedier på en kritisk måte [...] og referere til benyttede kilder (10. årstrinn)
<p>Forståelse og bruk av vedlagte tekster (fra hovedområdene <i>Skriftlige tekster</i> og <i>Sammensatte tekster</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • gjenkjenne de språklige virkemidlene humor, ironi, kontraster og sammenligninger, symboler og språklige bilder og bruke dem i egne tekster (10. årstrinn) • drøfte innhold, form og formål i et egnet utvalg samtidstekster, skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samisk (Vg1) • finne hovedsyn og forklare noen trekk ved argumentasjonen i sakprosa-tekster (Vg1) • vise sammenhengen mellom innhold, form og formål i teater, film, musikkvideo, aviser og reklame og drøfte ulike funksjoner knyttet til språk og bilde (Vg1) • lese et utvalg egnede sentrale norske tekster fra middelalderen fram til 1870 i moderne språkdrakt og reflektere over form og innhold (Vg2) • lese egnede tekster i ulike sjangere for å kunne ta stilling til spørsmål tekstene tar opp, og verdier de representerer (Vg2) • gjøre rede for et egnet utvalg nordiske tekster i oversettelse (Vg2)

	<ul style="list-style-type: none"> • lese og tolke egne eksperimenterende og modernistiske tekster og bruke disse som utgangspunkt for egen tekstproduksjon (Vg3) • vurdere argumentasjon i egne tekster og underbygge egne påstander ved saklig argumentasjon (Vg3) • sammenligne og vurdere tekster som overføres fra ett medium til et annet (Vg3) • analysere og vurdere argumentasjon i og påvirkning fra tekster i aviser, på TV og Internett (Vg3)
<p>Forståelse av språk og kultur (frå hovedområdet <i>Språk og kultur</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • beskrive fortellemåter og forklare verdier i et representativt utvalg samtidstekster sammenlignet med tekster fra norrøn og samisk litteratur, myter og folkediktning fra flere land (Vg1) • forklare flerspråklighet og gi eksempler på hvordan språklig og kulturell samhandling kan bidra til språklige endringer og kulturell bevissthet (Vg1) • forklare noen grammatiske særtrekk ved norsk språk, sammenlignet med andre språk (Vg1) • beskrive og vurdere hvordan språk og sjangere brukes av representanter for ulike yrkesgrupper og i ulike sosiale sammenhenger (Vg1) • hente, vurdere og anvende fagstoff fra digitale kilder i muntlig og skriftlig arbeid (Vg1) • gjøre rede for enkelte viktige utviklingslinjer og noen sentrale forfatterskap i norsk og europeisk litteratur fra middelalderen til og med romantikken (Vg2) • forklare hvorfor Norges historie, landets politiske situasjon og romantikken bidro til at ulike forestillinger om <i>det norske</i> ble skapt i sentrale tekster fra 1800 til 1870 (Vg2) • drøfte fellesskap og mangfold, kulturmøter og kulturkonflikter med utgangspunkt i et egnet utvalg av norske og utenlandske samtidstekster i ulike sjangere (Vg2) • drøfte sider ved norsk språkpolitikk og kulturutvikling i et globaliseringsperspektiv (Vg2) • gjøre rede for det moderne prosjektet slik det uttrykkes i egne tekster av sentrale forfattere fra opplysningstiden via realismen til i dag (Vg3) • gjøre rede for hovedlinjer i norsk språkdebatt og språkpolitikk fra 1830-årene til vår tid (Vg3) • gjøre rede for forholdet mellom muntlig og skriftlig språk og for særtrekk ved et utvalg norske talemålsvarianter (Vg3) • bruke bibliotekets sentrale databaser og andre faglige kilder, både tradisjonelle og elektroniske, i egne arbeider (Vg3)

Kjenneteikn på måloppnåing til skriftleg eksamen NOR1049

	Karakter 2 Svaret viser at eleven kan	Karakter 3–4 Svaret viser at eleven kan	Karakter 5–6 Svaret viser at eleven kan
Hovudinstrykk	skrive ein tekst som til ein viss grad kommuniserer og til ein viss grad fungerer som ein heilskap svare delvis relevant på oppgåva	skrive ein tekst som fungerer som ein heilskap svare stort sett relevant på oppgåva	skrive ein tekst som fungerer godt som ein heilskap svare utfyllande og relevant på oppgåva
Skrive-kompetanse: Oppbygging (frå hovudområdet skriftlege tekstar)	skrive tekstar med ein viss tematisk samanheng skrive tekstar med ein viss struktur i den valde sjangeren bruke nokre enkle språklege verkemiddel i den valde sjangeren sjå ein viss samanheng mellom språk, emne, formål og mottakar	skrive tekstar med tematisk samanheng skrive tekstar med ein stort sett formålstenleg struktur i den valde sjangeren bruke nokre språklege verkemiddel i den valde sjangeren vise ei viss forståing for samanhengen mellom språk, emne, formål og mottakar	skrive tekstar med klar tematisk samanheng skrive tekstar med klar og formålstenleg struktur i den valde sjangeren bruke ulike språklege verkemiddel i den valde sjangeren vise forståing for samanhengen mellom språk, emne, formål og mottakar
Skrive-kompetanse: Språk, formelle dupleikar (frå hovudområdet skriftlege tekstar)	meistre sentrale reglar i formverket til ein viss grad og skrive relativt samanhengande til ein viss grad meistre ortografi og teiknsetjing bruke eit enkelt ordforråd og i nokon grad kunne variere setningskonstruksjonar stort sett gjere korrekte ordval stort sett skilje mellom sitat frå kjelder og eigenprodusert tekst	meistre dei fleste sentrale reglar i formverket, ha stort sett god tekstbinding stort sett meistre ortografi og teiknsetjing bruke eit forholdsvis variert ordforråd og forholdsvis varierte setningskonstruksjonar stort sett gjere korrekte ordval i samsvar med emne og sjanger stort sett markere sitat og vise til kjelder	meistre sentrale reglar i formverket, ha god tekstbinding meistre sentrale reglar innanfor ortografi og teiknsetjing bruke eit variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar gjere korrekte ordval i samsvar med emne og sjanger bruke ulike faglege kjelder og referere til nytta kjelder
Forståing og bruk av vedlagte tekstar	peike på enkelte språklege verkemiddel i tekstar	gjere greie for nokre språklege verkemiddel og i nokon grad vise korleis dei fungerer i teksten	gjere greie for språklege verkemiddel, og vise korleis dei fungerer i teksten

(frå hovud-områda skriftlege tekstar og samansette tekstar)	<p>peike på nokre sider ved innhald og form i tekstar</p> <p>analysere tekstar på ein enkel måte med lite bruk av fagspråk</p> <p>i nokon grad grunngi eigne meiningar om tekstane</p>	<p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein enkel, men relevant måte</p> <p>analysere tekstar ved å bruke noko fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar og delvis grunngi eiga vurdering</p>	<p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein relevant måte</p> <p>analysere tekstar ved hjelp av eit dekkjande fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar og grunngi eiga vurdering</p>
<p>Forståing av språk og kultur</p> <p>(frå hovudområdet språk og kultur)</p>	<p>gjere greie for nokre språk- og kulturforhold på ein enkel måte, med utgangspunkt i vedlagte tekstar</p> <p>gjere greie for nokre historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein enkel måte</p> <p>i liten grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>gjere greie for og forklare nokre språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagte tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein stort sett oversiktleg og stort sett relevant måte</p> <p>i nokon grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagte tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og relevant måte</p> <p>vurdere og bruke kjelder på ein relevant måte</p>

For karakternivå 1: Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Ei rettleiing til sensor med kommentarar til enkeltoppgåver blir gjort kjent på eksamensdagen.

Skole	Gruppe	Eksaminandnr.	Fagkode	BM./NN	Oppg.nr.
-------	--------	---------------	---------	--------	----------

	Karakter 1	Karakter 2 Svaret viser at eleven kan	Karakter 3-4 Svaret viser at eleven kan	Karakter 5-6 Svaret viser at eleven kan	Kommentarer
KORTSVAR Oppbygging		skrive en kort tekst med en viss struktur	skrive en kort tekst med en stort sett hensiktsmessig struktur	skrive en kort tekst med klar og hensiktsmessig struktur	
KORTSVAR Faglig innhold		gjøre kort rede for faglige emner på en enkel måte peke på noen karakteristiske trekk ved en tekst/tekster	gjøre kort rede for faglige emner på en på en stort sett oversiktlig og stort sett relevant måte gjøre kort rede for noen karakteristiske trekk ved en tekst/tekster	gjøre kort rede for faglige emner på en oversiktlig og relevant måte gjøre kort og presist rede for noen karakteristiske trekk ved en tekst/tekster, benytte fagspråk	
KORTSVAR OG LANGSVAR Språk, formelle ferdigheter		mestre sentrale regler i formverket til en viss grad og skrive relativt sammenhengende til en viss grad mestre ortografi og tegnsetting bruke et enkelt ordforråd og i noen grad kunne variere setningskonstruksjoner stort sett skille mellom sitat fra kilder og egenprodusert tekst	mestre de fleste sentrale regler i formverket, ha stort sett god tekstbinding stort sett mestre ortografi og tegnsetting bruke et forholdsvis variert ordforråd og forholdsvis varierte setningskonstruksjoner stort sett markere sitat og vise til kilder	mestre sentrale regler i formverket, ha god tekstbinding mestre sentrale regler innenfor ortografi og tegnsetting bruke et variert ordforråd og varierte setningskonstruksjoner bruke ulike faglige kilder og referere til benyttede kilder	
LANGSVAR Oppbygging		skrive med en viss tematisk sammenheng skrive med en viss struktur i den valgte sjangeren bruke enkelte språklige virkemidler i den valgte sjangeren	skrive med tematisk sammenheng skrive med en stort sett hensiktsmessig struktur i den valgte sjangeren bruke noen språklige virkemidler i den valgte sjangeren	skrive med klar tematisk sammenheng skrive med klar og hensiktsmessig struktur i den valgte sjangeren bruke ulike språklige virkemidler i den valgte sjangeren	

<p>LANGSVAR Forståelse og bruk av vedlagte tekster</p>		<p>peke på enkelte språklige virkemidler i tekster</p> <p>peke på noen sider ved innhold og form i tekster</p> <p>analysere tekster på en enkel måte med lite bruk av fagspråk</p> <p>i noen grad grunngi egne meninger om tekstene</p>	<p>gjøre rede for noen språklige virkemidler og i noen grad vise hvordan de fungerer i teksten</p> <p>tolke, vurdere eller sammenligne tekster på en enkel, men relevant måte</p> <p>analysere tekster ved å bruke noe fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdier i tekster og delvis grunngi egen vurdering</p>	<p>gjøre rede for språklige virkemidler, og vise hvordan de fungerer i teksten</p> <p>tolke, vurdere eller sammenligne tekster på en relevant måte</p> <p>analysere tekster ved hjelp av et dekkende fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdier i tekster og grunngi egen vurdering</p>	
<p>LANGSVAR Forståelse av språk og kultur</p>		<p>gjøre rede for noen språk- og kulturforhold på en enkel måte, med utgangspunkt i vedlagte tekster</p> <p>gjøre rede for noen historiske utviklingstrekk og andre faglige emner på en enkel måte</p> <p>i liten grad bruke kilder på en relevant måte</p>	<p>gjøre rede for og forklare noen språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagte tekster</p> <p>gjøre rede for historiske utviklingstrekk og andre faglige emner på en stort sett oversiktlig og stort sett relevant måte</p> <p>i noen grad bruke kilder på en relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagte tekster</p> <p>gjøre rede for historiske utviklingstrekk og andre faglige emner på en oversiktlig og relevant måte</p> <p>vurdere og bruke kilder på en relevant måte</p>	
<p>KORTSVAR OG LANGSVAR Hovedinntrykk</p>		<p>svare delvis relevant på kortsvaroppgaven</p> <p>svare delvis relevant på langsvaroppgaven</p> <p>skrive tekster som kommuniserer og til en viss grad fungerer som en helhet</p>	<p>svare stort sett relevant på kortsvaroppgaven</p> <p>svare stort sett relevant på langsvaroppgaven</p> <p>skrive tekster som fungerer som en helhet</p>	<p>svare utfyllende og relevant på kortsvaroppgaven</p> <p>svare utfyllende og relevant på langsvaroppgave</p> <p>skrive tekster som fungerer godt som en helhet</p>	

Karakterforslag:



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no